



1. tertial 2018

Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2018

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det foreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

Innhold

1	Endringer i driftsbudsjett	3
1.1	Risikovurdering av driftsbudsjett	5
2	Endringer i investeringsbudsjett	8
3	Balansevurderingar	10
4	Søknadar om støtte	11
5	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april	11
6	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	12
7	Skjema 1A.....	14
8	Skjema 1B.....	15
8.1	Fordeling per KOSTRA-tema, ekskl. sosiale kostnader og avskrivning.....	15
8.2	Fordeling per KOSTRA-tema, sosiale kostnader og avskrivning.....	17
9	Økonomisk hovudoversikt - investering	18
10	Skjema 2A.....	20
11	Skjema 2B.....	20
11.1	Investeringar utan prosjekt.....	20
11.2	Nye investeringsprosjekt	20
11.3	Aktive investeringsprosjekt.....	21
11.4	Aktive skule- og barnehageprosjekt	21
11.5	Aktive VA-prosjekt	22
12	Statuskommentar til budsjettvedtak, HST- 227/17	23
13	Nøkkeltaloversikt.....	27
13.1	Folketalsutvikling	27
13.2	Skatteinngang	27
13.3	Driftsinntekter.....	27
13.4	Driftsutgifter	28
13.5	Finansresultat.....	28
13.6	Netto driftsresultat mot budsjett	28
13.7	Netto fondsbruk/-avsetjing.....	29
14	Vedlegg.....	29

1 Endringar i driftsbudsjett

Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 3,3 mnok¹ for 2018. På grunn av store utfordringar i eining for helse og oppvekst og nye normer i oppveksteininga, er netto driftsresultat ikkje lengre positivt. Nytt budsjettert netto driftsresultat for 2018 er på -2,9 mnok.

Driftsinntektene er auka med 3,9 mnok, men tidsforskyving av P71091 (-3,7) og reduksjon i statlege overføringar (1,0) gjer likevel at driftsinntektene totalt sett er redusert på 1. tertial med 0,8 mnok. På bakgrunn av KS sin prognosemodell er rammetilskot og skatt auka med netto 0,8 mnok. Budsjettet er også justert opp på brukarbetaling barnehage (0,4), skjenkekontroll (0,1), sjukerefusjon (0,8), konsesjonsavgift (0,2) og motteke tilskot til styrking av skulehelsetenesta (0,5).

Sett bort frå tidsforskyving av P71091 så er driftsutgiftene auka med netto 9,9 mnok.

- Det er foreslått ein auke på 3,5 mnok til kjøp av tenester hjå private for å dekke den store auken som har vore på kostnader knytt til BPA (brukarstyrt personleg assistent). Kommunen har måtta kjøpa avlastningsplass og institusjonsplass for til saman 2,8 mnok utan at det var ramme for dette i opphavleg budsjett. Det er lagt inn ein auke i 1. tertial for å dekke denne meirkostnaden.
- Barnehage har fått ein auke i ramma på 2,2 mnok for å tilfredstille nye krav til bemanningsnorm, pedagognorm og lovfesta rett til barnehageplass.
- Teknisk eining har hatt store ekstrakostnader knytt til brøyting i vinter. Det er foreslått ein auke på 0,35 mnok for å dekke meirforbruket hittil i år.
- Kommunen har inngått avtale om leasing av 9 el-bilar. Det er lagt inn 0,13 mnok for å setje opp ladestasjonar til desse.
- Etter at ny personvernforordning trer i kraft er det krav til at alle kommunar oppretta eit persovernombud. Kvam har oppretta ein 100% stilling som personvernombud og opplæringskoordinator, der 20% vert seld til andre kommunar. For 2018 medfører dette ein auke på 0,2 mnok.
- Feil i opphavleg budsjett, utgiftsauke som er dekkja av fond og reduksjon i sosiale utgifter utgjer totalt 0,7 mnok i budsjettauke.

Sjølv om ramma på eining for helse- og omsorg samla er auka med 6,3 mnok i 1. tertial, har rådmannen fått melding om at eininga har fleire store utfordringar som det ikkje er justert for i tertialen. Det er eit stort meirforbruk på ekstraressurs i PLO på grunn av fleire krevjande brukarar, i hovudsak i heimetenesta. Dersom dagens nivå fortset ut året kan me vente eit overforbruk opp mot 8,0 mnok. Det er også venta eit overforbruk på opp mot 2,0 mnok på utbetaling av sosialhjelp dersom dagens nivå fortset ut året. Administrasjonen arbeider med ulike tiltak for å prøva å redusera overforbruket.

I haust då budsjettet for 2018 vart laga, sa prognosane at Kvam kunne vente seg å ta i mot 20 flyktningar i 2018. Etter dette vart prognosane redusert til 10. Per i dag ser det ut til at det kjem endå færre, kanskje ingen. Dette fører til ein stor reduksjon i inntekter. Det vil også føre til reduksjon i utgifter, men det er vanskeleg å realisere på kort sikt då mykje er knytt opp mot fastlønn. Reduksjonen i flyktningar er ikkje justert for i 1. tertial.

Nye normer og krav i barnehage gjer at oppvekst kjem til å få ei stor utfordring til neste år og i åra framover. Heilårseffekten av auken som er lagt inn i 2018 er på 6,1 mnok for 2019. Dette er ei ny problemstilling som ikkje ligg inne i føresetnadane for gjeldande økonomiplan, og dei innsparingstiltaka som allereie er sett i gang eller som det er lagt inn krav til i Oppveksteininga.

¹ mnok = millioner norske kroner

Samstundes med 1. tertial, vert det og lagt fram eit utkast til økonomiplan for 2019-2022 i ei eiga sak, med status for vedtekne innsparingar og nye/endra framlegg til innsparingar.

På den positive sida ser prognosen på kraft bra ut i 2018 og for komande år. Kommunen har inngått fastpris på Q3 og Q4 på konsesjonskraft, som er høgare enn budsjettert. Kanskje kan kommunen få ein netto auke på opptil 4,0 mnok. Eventuell budsjettjustering vert gjort på 2.tertial 2018. Kvam kraftverk AS ser òg ut til å kunne yta større utbytte til kommunen som aksjonær, enn det som ligg i budsjettet.

Kommunen har og fått eit førehandsvarsel om at midlar frå Havbruksfond vert vesenteleg større enn i 2017. Dei fyrste estimata ligg på om lag 11 mnok til Kvam herad, men dette er ei usikker og ustabil inntekt slik løysinga er per i dag. Det vert arbeidd med å sjå på ei løysing med å gjera det om til ei anna løysing, med bruk av t.d. grunnrente.

Netto er avsetning til disposisjonsfond redusert med 8,5 mnok. Bruk av disposisjonsfond er redusert med 0,12, bruk av bundne fond er redusert med 0,36 og avsetjing til bundne fond er auka med 1,8 mnok. Det er ein relativt stor reduksjon i avsetningar til disposisjonsfond, og tidlegare avsetning frå «pusterommet» i 2016 og «handlingsrommet» frå 2017, vert brukt. Gode kraftinntekter, auka utbytte og midlar frå Havbruksfond, gjer at rådmannen ikkje ser heilt mørkt på resultatet for 2018. Det er gjort mykje godt arbeid med økonomistyring, og mange budsjettansvarlege held rammene, men med auka krav til normer, garantiar og annan statleg styring, er det ikkje tvil om at dei innsparingstiltaka som er sett i gang må arbeidast vidare med, og nye grep må gjerast. Rådmannen kjem attende til dette i utkast til økonomiplan og i budsjettarbeidet for 2019.

1.1 Risikovurdering av driftsbudsjett

I samband med budsjettet for 2018, vart det laga ei risikovurdering for 2018. I tabellen nedanfor ligg vurdering som vart gjort i kolonna «BUD-18», og ei ny vurdering er gjort etter fyrste tertial (1T18).

	BUD-18	1T18	1T18	1T18	
<i>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</i>	<i>Risiko-nivå (0-3)</i>	<i>Sannsyn (0-3)</i>	<i>Konsekvens (0-3)</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Avbøtande tiltak</i>
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter - Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester - Fastsett husleigeauke, % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august) - Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram - Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 244 kr /Mwh)	2	1	2	1	Ingen større endringar i prisnivå på statlege satsar. Nivået på kraft vert truleg høgare på grunn av inngåtte fastpriskontraktar på konsesjonskraft.
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter - Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk	2	2	1	1	Auka etterspørsel
Refusjonsinntekter - Inntektene er som regel forsiktig budsjettet. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarande endring i utgifter som mva.kompensasjon	4	2	2	4	Passa på å tilpassa utgifter til endringar i refusjonsinntekter
Rammetilskot - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring etter folketal	6	2	3	2	Justert i 1.tertial. Fått tilskot for ufrivillig aleine. Auke på skjønsmidlar og inntektsutjamning
Andre statlege overføringar - Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 244 kr/Mwh)	6	2	3	2	Gode prognosar på salspris. Inngå avtalar om fastpris som ligg over budsjettpris. Vert truleg justert på 2.T.
Andre statlege overføringar - Vertskommunetilskot - Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Andre overføringar	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Skatt på inntekt og formue - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell med vekst på 2,38 %	9	3	3	9	Reduserte skatteinntekter i nye prognosar frå staten. Det er delvis kompensert

- Endring etter Stortinget si handsaming - Endring i skatteinngang i løpet av året					gjennom inntektsutjamning. Justert på 1T.
Eigedomsskatt - Brukt 7 promille på verk og bruk - Brukt 4 promille på bustader og hytter - Grunnlag kraftverk klart (red. E-skatt med 1,7 mnok). Kan koma nedgang	6	3	2	6	Bruka LVK til å ivareta E-skattegrunnlag for kraftverk
Konsesjonsavgift - Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering	1	1	1	1	Ikkje større endringar frå år til år, jamn vekst.
Lønsutgifter - Lagt inn lønsvekst på 3 % - Hovudforhandlingar med verknad frå 1.5.18? - Gjennomføra innsparingskrav	6	2	3	5	Lønsoppgjer er ikkje klart. Fortsatt uspesifiserte innsparingar. Utfordringar på vikarbruk.
Sosiale utgifter - Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK (sjå eigen omtale) - Arbeidsgjevaravgift avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik	6	2	3	4	Ny prognose frå KLP er meir korrekt enn budsjettprognose
Kjøp av varer/tenester - I statsbudsjettet ligg det inne ein prisvekst på 1,9 % - Utgiftene vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.	4	2	2	4	Oppfølging/økonomistyring
Overføringer - Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1	1	1	1	1	Evt. endring gjev tilsvarande endring i utgifter.
Overføringer - Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vet fastsett i januar, med unntak av energiledd	4	2	2	4	Noko endring, men avventar justering til 2. tertial.
Renteinntekter - Avkastning på obligasjonar basert på erfaring og inkl. krav til ytterlegare avkastning	4	2	2	4	Avventar justering til 2.tertial
Utbytte - Nivå frå Kvam kraftverk AS fastsett - Nivå frå BKK AS signalisert	2	1	2	2	Nivå som budsjetttert
Renteutgifter - Det er brukt rentenivå på eksisterande låneavtalar - Nye lån budsjetttert med 2 % - Gjort fleire rentebindingar som reduserer risiko	4	2	2	3	Gjort rentebindingar under budsjetttert nivå
Avdragsutgifter - Minstefrådrag på 3,5 % av lånesaldo	3	1	3	2	Gjeldsopptak vert sannsynlegvis ikkje høgare enn budsjetttert
Budsjetteringsfeil – auka pga. nytt system	6	3	2	5	Kontroll og kompetanse
Innsparingskrav - Gjennomføra krav	4	2	2	4	Innsparingskrav er fordelt og ein del gjennomført, men det står ein del arbeid

					att, og marginane i drifta er redusert.
Enkeltsaker	4	2	2	4	Ingen større saker så langt i 2018, men det kan fort endra seg.
Beredskapssituasjonar	3	1	3	3	Sannsynet er lite, men konsekvensane kan verta store, og risikonivået vert oppretthalde.

2 Endringar i investeringsbudsjett

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskott til KLP i investeringsbudsjettet.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamast i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer. I denne tertialen er det foreslått nokre endringar i rammer, innarbeidd tidlegare vedtak og foreslått 2 nye investeringsprosjekt.

Nye investeringsprosjekt i tertialen:

P60178 Kjøp av branntomt i Øystese

Oppgjer for tomt til privat bustadhus, ved Notanes i Øystese, som brann hausten 2017, til 0,3 mnok. Finansiert med lån. Kommunen ynskjer å kjøpa tomta, som ligg i det som elles er utvikla til eit næringsområde, og nytta denne til m.a. betre vegløyser, ev. i samarbeid med andre næringsaktørar i området.

P71184 Kvam vidaregåande skule- samlokalisasjon tenester

HST vedtak 018/18:

Målsetjing med arbeidet:

- Å utvikla ein framtidsretta og attraktiv vidaregåande skule for elevane.
- Få fram kva kommunale funksjonar og tenester som kan samlokalisast med den nye skulen innanfor ei realistisk økonomisk ramme.
- Få fram eit grunnlag for regulering av vidaregåande skule og vidare sentrumsutvikling.
- Få fram funksjonar og tilbod for bruk av skulen på ulike tider av døgnet.
- Få fram funksjonar og tilbod som kan ha fagleg nytte av kvarandre.
- Få fram kva trong næringslivet har for opplæring og samarbeid med ny vidaregåande skule.
- Medverka til å få på plass den nye vidaregåande skulen og utvikla Norheimsund som regionsenter.

Det vert løyvd 100.000,- kr i frå kraftfondet.

I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

P60170 Kryss Tangerås - for vidareføring og ferdigstilling av prosjektet er det behov for ytterlegare midlar, totalt 0,3 mnok, for å løysa nye krav frå Statens vegvesen. Foreslått finansiert med bruk av lån.

P61182 Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum - ny sentrumstruktur ved rådhuset og skulen krev nye parkeringsareal. Skampletten vert opparbeidd til offentleg parkering i 2018. Finansiert med bruk av fond. Det er tilrådd å byggja parkeringsplassen ut til full storleik og prosjektet er utvida med 0,65 mnok i 1. tertial 2018.

Andre endringar:

P60177 Leikepark Vikøyevjo - prosjektet vart vedteke i 2.tertial 2017, men ikkje vidareført til budsjett 2018 - teke inn att i 1. tertial 2018. Finansierast med 0,2 mnok i gåver. Konkurransen for kjøp av leikeutstyr er gjennomført i 2017, men kjøpet vert gjort i 2018.

P60181 Asfaltering 2018 - summen for P60181 mangla i budsjettframlegget for 2018. Budsjettet vert korrigert for dette i samband med 1. tertial 2018.

P61170 VA - leidning Kvammapakken (Evighetssvingen – Tolo) - dette er eit av fleire VA prosjekt i samband med Kvammapakken som no er i slutfasen. Det kjem diverse sluttoppgjer i 2018 på om lag

1 mnok, budsjett for desse føringane er lagt inn i 1. tertial. Finansiert med refusjon frå private aktørar i prosjektet.

P61181 Bruprosjekt Steinsdalsfossen har eit mindreforbruk på 1,1 mnok. 0,5 mnok av desse midlane er overført til P61152 Netelandsbrua som treng meir midlar.

P62152 Rømingsveg rådhuset er slått saman med prosjektet for KFL, P60134 er difor auka opp med 0,5 mnok i 1. tertial.

P62163 Rassikring Bergshagen endar opp med eit mindreforbruk på ca. 0,2 mnok. 0,2 mnok er foreslått overført til P61155 Rassikring murar og fjell, som treng meir midlar.

P71183 Totalstasjon oppmåling og P80180 Kjøp av bil til oppmåling/geodata må sjåast i samanheng, med ein total på 400 000 kr eks. mva. Det viser seg at totalstasjonen er 140 000 kr eks. mva. dyrare, medan bilen er 140 000 kr eks. mva. rimelegare. Foreslår difor å flytta 140 000 kr eks. mva. frå P80180 til P71183.

Eksisterande prosjekt med behov for auke som vert meldt inn i 2.tertial/budsjett 2019:

P61189 Adgangskontroll vassverk - det er eit behov for å sikra vassverka i heradet etter dagens standardar mhp. adgangskontroll og sikkerheit. Budsjettet er i dag på 0,2 mnok, men kartlegging av låssystem gjev behov for ein auke på ytterlegare 0,2 - 0,3 mnok. Det står att noko kartleggingsarbeid før auken vert meldt inn i budsjettet for 2019.

P62177 Vegutbetring/trafikksikringstiltak trygge skuleveggar - VA-arbeid knytt til eksisterande prosjekt som fører til behov for budsjettauke. Arbeidet skal ut på nytt anbod i mai, og pris er førebels ukjent. Auken vert meldt inn i 2. tertial/budsjettarbeidet for 2019.

P61183 VA-sanering Norheim del II

Prosjektet har ei budsjetttramme på 9,5 mnok, men innkomne tilbod tyder på at summen er noko for låg. Endeleg kostnadsramme er klar i mai/juni, og auken vert meldt inn i 2. tertial/budsjett 2019.

Nye prosjekt som vert meldt inn i budsjettarbeidet for 2019:

Overvassleidning i Øystese sentrum - i høve arbeidet med Hardangerbadet vert det behov for å utbetra leidningsnettet i Øystese sentrum, mellom kyrkja og Hardangerbadet. Prisen på dette arbeidet er fortsatt ikkje kjent, og det vert arbeidd med å kartleggje omfanget i løpet av 2018.

3 Balansevurderingar

Kommunen forvalta egedelar for om lag 2,8 milliardar (mrd) per 31.12.17, der om lag 1,38 mrd var faste eigedomar, anlegg og utstyr. Dei største postane var føremålsbygg som sjukeheimar, omsorgsbustader, skular og barnehagar. Så langt i 2018 er det seld eit bustadhus til 2,1 mnok og det er kjøpt eit bustadhus til 2,95 mnok.

Pensjonsmidlane er den nest største posten (0,9 mrd) og deretter obligasjonar på 0,2 mrd. I tillegg har kommunen eit premieavvik² på 85,8 mnok. Pensjonsmidlane vert forvalta av pensjonsleverandøren KLP og Statens pensjonskasse (SPK) og obligasjonane av Bergen Capital Management. Kommunen sine aksjar/andelar var per 31.12.17 verdsett til 83 mnok, og er klassifisert som anleggsmiddel då midlane er plassert i selskap som kommunen har ei næringspolitisk eller samfunnsmessig motivasjon for å engasjera seg i. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS (10), BKK AS (50,6) og eigenkapitalinnskott i KLP (20,7). Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdere om verdien skal nedskrивast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Det er ikkje føreteke nedskrivingar i 2017. Vidare utlån av Husbanklån (startlån) til private låntakarar var per 31.12.2017 på 56,7 mnok. Kunde krav og kortsiktige krav på 44,6 mnok. Nokre av desse krava går tapt i løpet av året, og det er sett av eit estimert tap på krav i rekneskapen.

På motsatt sida i balansen utgjør langsiktig gjeld 2,1 mrd, der 1 mrd er kalkulert pensjonsforplikting. Eigenkapitalen til kommunen har fondsmidlar på 0,2 mrd og på kapitalkonto³ 0,03 mrd. Anna kortsiktig gjeld er på 0,1 mrd.

² Premieavviket er differansen mellom netto pensjonskostnad og innbetalt premie.

³ Kapitalkontoen har ein heilt spesiell funksjon i kommunerekneskapen. Saldoen viser i hovudsak kommunen sin samla eigenfinansiering av anleggsmidlar.

4 Søknadar om støtte

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilete av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjetttrammer.

Bergen og Hordaland har søkt om 1 mnok til nybygg på Breidablikk, men administrasjonen har ikkje handsama søknaden endå, då administrasjonen ikkje har fått alle opplysningane som trengst. Rådmannen kjem attende til saka i 2. tertial eller som del av budsjettet for 2019.

FAU v/Norheimsund skule, Norheimsund Næringslag og Norheimsund grendautval har i eit innspel til 1. tertial bedt om at kommunen utvidar prosjekt P61182 – Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum, til å gjelda heile det avsette arealet. Prosjektet vart oppretta i samband med bygging av Kvam familie- og læringssenter, som vert bygd på tidlegare parkeringsareal. I byggeperioden har det til tider vore krevjande å finna parkeringsplass, særleg med ein vinter med store snømengder. Det opprinnelege prosjektet vil erstatta tapte plassar etter at byggeprosjektet er avslutta, men det er per i dag ein mangel på parkeringsplassar i sentrum ved bl.a. arrangement, og det vil vera ei økonomisk føremon å få bygt ut heile området no. Administrasjonen har vore i kontakt med næringslivet for å høyra om dei har høve til å gje tilskot til prosjektet, og fått tilbakemelding om at dei støttar prosjektet men har ikkje høve til å gje økonomisk støtte. Rådmannen foreslår difor i tertialen å bruka 0,6 mnok av kraftfondet til å utvida prosjektet for å byggja ut heile parkeringsarealet.

5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar - april. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
19.03.2018	HST-018/18	Arbeid med Kvam vidaregåande skule	100.000	Finansierast av 25140002 – Kraftfond. Innarbeidd i 1. tertialrapport.

6 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett, endringer i 1. tertial. Tal i 1.000

		Budsjet			
		Rek 2018, tom April	Opph. Bud 2018	2018 etter 1.tertial	Forbruk hia i %
					Endring i 1.tertial
LN01	Brukarbetalingar	9 040	26 509	26 909	34 %
LN02	Andre sals- og leigeinntekter	27 446	79 777	79 894	34 %
LN03	Overføringar med krav til motyting	28 458	87 962	88 054	32 %
LN04	Rammetilskot frå staten	109 197	284 211	286 249	38 %
LN05	Andre statlege overføringar	20 490	61 590	60 590	34 %
LN06	Andre overføringar	2 498	5 415	3 985	63 %
LN07	Skatt på inntekt og formue	65 023	221 510	220 300	30 %
LN08	Eigedomsskatt	20 205	41 000	41 000	49 %
LN09	Andre direkte og indirekte skattar	0	4 200	4 400	0 %
LN10	Sum driftsinntekter B	282 356	812 174	811 380	35 %
LN11	Lønsutgifter	154 112	424 183	428 519	36 %
LN12	Sosiale utgifter	45 294	119 593	118 473	38 %
LN13	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	31 844	97 765	95 325	33 %
LN14	Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	13 056	47 981	54 074	24 %
LN15	Overføringar	24 699	77 731	77 086	32 %
LN16	Avskrivningar	0	44 866	44 866	0 %
LN18	Sum driftsutgifter C	269 005	812 119	818 344	33 %
LN19	Brutto driftsresultat D=B-C	13 351	56	-6 964	-192 %
LN20	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	1 627	14 455	14 455	11 %
LN21	Gevinst av finansielle instrument	0	200	200	0 %
LN23	Sum eksterne finansinntekter E	1 627	14 655	14 655	11 %
LN24	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	9 153	21 060	20 260	45 %
LN25	Tap finansielle instrument	92	200	200	0 %
LN26	Avdragsutgifter	39	35 000	35 000	0 %
LN28	Sum eksterne finansutgifter F	9 285	56 260	55 460	17 %
LN29	Resultat eksterne finanstransaksjoner G=E-F	-7 658	-41 605	-40 805	19 %
LN30	Motpost avskrivningar H	0	44 866	44 866	0 %
LN31	Netto driftsresultat I=D+G+H	5 693	3 317	-2 902	-196 %
LN32	Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk frå tidlegare år				
LN33	Bruk av disposisjonsfond	0	2 875	2 750	0 %
LN34	Bruk av bundne fond	1 861	15 833	15 470	12 %
LN35	Sum bruk av avsetningar J	1 861	18 708	18 220	10 %
LN36	Overført til investeringsrekneskap	0	2	2	0 %
LN38	Avsetning til disposisjonsfond	0	9 748	1 211	0 %
LN39	Avsetning til bundne fond	1 972	12 275	14 105	14 %
LN40	Sum avsetningar K	1 972	22 025	15 318	13 %
LN41	Regneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk L=I+J-K	5 582	0	0	0

Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):

Sum driftsinntekter er redusert med 0,8 mnok i forhold til opphavleg budsjett

LN01 – Brukarbetaling er auka med 0,4 på grunn av fleire barn i barnehage.

LN02 – Salsinntektene er auka med 0,1 mnok. 0,08 mnok av auken kjem av auke i inntekt på skjenkekontroll pga. endring i regelverk.

LN03 – Overføringar er totalt sett auka med 0,1 mnok. Inntekt på sjukerefusjon er auka med 0,8 mnok og tidsforskyving av prosjekt gjev mindre mva komp. på 0,7 mnok. I helse er tilskot frå staten redusert med 0,5 mnok. På oppvekst er det tilsvarande auke i tilskot.

LN04 – Rammetilskot frå staten er auka med 2,0 mnok. Kommunen har motteke 1,3 mnok i tilskot for at kommunen er ufrivillig aleine. Inntektsutjamnade rammetilskot er auka med 0,5 og ordinært rammetilskot med 0,2.

LN05 – Andre statlege overføringar er etter nye prognosar redusert med 1,0 mnok.

LN06 – Andre overføringar er totalt sett redusert med 1,4 mnok. Tidsforskyving av prosjekt gjev ein reduksjon i inntekt på 3,0 mnok og auke i overføring av kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift gjev ei meirinntekt på 1,6 mnok.

LN07 – Skatteinntektene er redusert med 1,2 mnok, i tråd med KS sin prognosemodell.

LN08 – Ingen endringar.

LN09 – Konsesjonsavgifta er auka med 0,2 mnok.

Sum driftsutgifter aukar med 6,2 mnok i forhold til opphavleg budsjett

LN11 – Lønsutgiftene viser ein netto auke på 4,3 mnok. Lønssramma til barnehagane er auka med 2,2 mnok på grunn av nye lovkrav til bemanning i barnehage. Endring i type tiltak for innsparingskrav til oppvekst, medfører ein auke i lønsutgifter på 2,1 mnok på oppvekst (reduksjon på andre postar). Ny personvernombud stilling gjev i 2018 ein budsjettauke på 0,2 mnok. Feil bruk av næringsfondet er retta opp. Dette saman med andre små justeringar medfører ein reduksjon etter at innsparingskravet til Samfunn, næring og kultur aukar med 0,4 mnok. På fysioterapi er det ein auke i lønnsutgifter på 0,2 mnok til tiltak. Desse vert dekkja av tidlegare avsette fondsmidlar til føremålet.

LN12 – Sosiale utgifter er redusert med 1,1 mnok etter nye prognosar frå pensjonsselskapa.

LN13 – Kjøpet er redusert med 2,4 mnok. Tidsforskyving av budsjett medfører 3,0 mnok i reduserte utgifter. Budsjett på brøyting er auka med 0,35 mnok. Det er lagt inn ein auke på 0,13 mnok til kjøp av ladestasjonar for kommunale el-bilar. Budsjettauke på 0,36 mnok i oppvekst pga. effektivering av innsparingskrav. Reduksjon på 0,27 mot fond.

LN14 – Kjøp av private er auka med 6,1 mnok. Det er ein rammeauke på helse på totalt 5,4 mnok i forhold til opphavleg budsjett. Det gjeld kjøp av avlastingsplass (2,6), kjøp av institusjonsplass (0,24) og kjøp av tenester til BPA – brukarstyrt personleg assistent (3,5). Effektivering av innsparingskrav i oppvekst reduserer kjøp med 0,34 mnok.

LN15 – Overføringar er redusert med 0,64 mnok. Tidsforskyving av prosjekt fører til reduksjon i overføringar på 0,76 mnok. Effektiveringa av innsparingskrav gjev ein reduksjon på 0,07 mnok.

Resterande er auke i overføringar på 0,2 mnok. Desse vert dekkja av fondsbruk.

LN16 – Ingen endringar.

Resultat eksterne finanstransaksjoner er forbetra med 0,8 mnok.

Refinansiering av lån har gitt lågare renteutgifter.

Netto driftsresultat etter 1. tertial er 6,2 mnok dårlegare enn opphavleg budsjett

Fondsdisponeringar

Bruk og avsetjing fondsmidlar er redusert med 6,2 mnok netto. Det er foreslått å redusera avsetning til disposisjonsfond med 8,5 mnok for å finansiera endringane på 1.tertial.

7 Skjema 1A

Tabellen under viser inntektene og fondsdistribusjonene til kommunen, som vert fordelt på dei ulike rammeområde (KOSTRA-tema) i skjema 1B. Tal i 1.000. Budsjettendringane er kommentert under «Økonomisk hovudoversikt – drift».

Inntekter og fondsdistribusjonar (i 1.000 kr)	Rek 2018, tom April	Opph. Bud 2018	Budsjett 2018 etter 1.tertial	Forbruk hia i %	Endring i 1.tertial
1. Skatt på inntekt og formue	-65 023	-221 510	-220 300	30 %	1 210
2. Ordinært rammetilskot	-109 197	-284 211	-286 249	38 %	-2 038
3. Skatt på eigedom	-20 205	-41 000	-41 000	49 %	0
4. Andre direkte eller indirekte skatter	0	-4 200	-4 400	0 %	-200
5. Andre generelle statstilskot	-20 490	-61 590	-60 590	34 %	1 000
6. Sum frie disponible inntekter	-214 915	-612 511	-612 539	35 %	-28
7. Renteinntekter og utbytte	-1 627	-14 455	-14 455	11 %	0
8. Gevinst finansielle instrumenter	0	-200	-200	0 %	0
9. Renteutgifter, provisjon og andre fi	9 155	21 060	20 260	45 %	-800
10. Tap finansielle instrumenter	92	200	200	46 %	0
11. Avdrag lån	39	35 000	35 000	0 %	0
12. Netto finansinntekter / -utgifter	7 660	41 605	40 805	19 %	-800
13. Til dekning av tidlegare underskot					
14. Til ubundne avsetningar	0	9 748	1 211	0 %	-8 537
15. Til bundne avsetningar	1 972	12 275	14 105	14 %	1 830
16. Bruk av tidlegare overskot					
17. Bruk av ubundne avsetningar	0	-2 875	-2 750	0 %	125
18. Bruk av bundne avsetningar	-1 861	-15 833	-15 470	12 %	363
19. Netto avsetningar	111	3 315	-2 904	-4 %	-6 219
20. Overført til investeringsrekneskaps	0	2	2	0 %	0
21. Til fordeling	-207 143	-567 589	-574 636	36 %	-7 047
22. Sum fordelt (skjema 1B)					
